



# Trygdemedisin: Helse i arbeid

Undervisning for LIS1

17.09.19 Caroline Osmo Sørensen

# Mål for undervisninga

- Setje fokus på positive helseeffektar av å vera i arbeid
- Fortelje litt om korleis NAV jobbar
- Setje lys på nokre trygdemedisinske tema
- Refleksjon rundt korleis ein best mogleg kan hjelpe pasientar med ulike plager til å stå i jobb

# Arbeid og helse

- «Erfaringene våre tyder så langt på at arbeid er svært god medisin. Det finnes ikke noe tilbud i helsevesenet som kan bidra til å nære selvfølelsen og opplevelsen av personlig verdi på samme vis som det å ha en jobb kan»

Professor i psykiatri ved Oslo universitetssykehus, Erik Falkum.

# Kva seier forskning om arbeid og helse?


- Maaïke van der Noordt og kollegaer 2014. «Health effects of employment: a systematic review of prospectiv studies».
  - Konklusjon: **Sterk evidens for positive effekter av arbeid på depresjon og generell psykisk helse.** Ikkje nok evidens til å konkludere med tanke på effekt av arbeid på generell helse, fysisk helse eller mortalitet.
- «Helseeffekter av arbeid» - Systematisk litteratursøk med sortering gjort av Kunnskapssenteret i 2015, på oppdrag frå Nav og Helsedirektoratet. Konklusjon: 24 relevant studier – majoriteten av studiene ser ut til å finna **klare positive samanhengar mellom det å vera/koma i arbeid og helse, særleg psykisk helse.**

# Samarbeid mellom helsesektoren og arbeids- og velferdsetaten (NAV)


- HDir og AVDir har laga ein strategi for felles innsats for «arbeid og helse»
- Mål: Personar i yrkesaktiv alder skal få naudsynt, heilskapleg og koordinert hjelp til å delta i arbeidslivet
- Deltaking i arbeidslivet er eit viktig behandlingsmål ved t.d. depresjon og uspesifikke ryggmerter
- Tilbod om Arbeidsretta behandling i spesialisthelsetenesta (erstattar «Raskere tilbake»)
- Behandling og arbeid hand i hand
  - ofte hensiktsmessig at desse to går føre seg samstundes
  - ofte kan arbeid vere eit nyttig «ledd i behandlingsforløpet»

# Hovudmåla til NAV

- Fleire i arbeid og aktivitet, færre på stønad
- Ein velfungerande arbeidsmarknad
- Rett teneste og stønad til rett tid
- God service tilpassa brukaren sine føresetnader og behov
- Ein heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning



# NAV forvaltar 1/3 av statsbudsjettet



# Folketrygdlova

- Nasjonalt, sosialt forsikringsssystem innført i 1967
- Største delen av lova er administrert av NAV (Arbeids-og velferdsetaten)
- Økonomisk tryggleik, utjamning av inntekt og levevilkår, hjelp til sjølvhjelp
- Alle som bur i Noreg er pliktige medlemmer
- «Rettighetslov» – vedtak i trygdeforvaltinga kan prøvast i Trygderetten
- Regulerer ytingar som sjukepengar, AAP, uføretrygd og dagpengar




# Sjukmelding

## Folketrygdlova § 8-4

- Det medisinske vilkåret: «Sykepenger ytes til den som er *arbeidsufør* på grunn av en *funksjonsnedsettelse som klart skyldes sykdom eller skade*. Arbeidsuførhet som skyldes sosiale eller økonomiske problemer o.l., gir ikke rett til sykepenger.»
- Aktivitetskravet: «For å få rett til sykepenger skal medlemmet *så tidlig som mulig og senest innen 8 uker prøve seg i arbeidsrelatert aktivitet*, jf. arbeidsmiljøloven § 4-6 første ledd og folketrygdloven § 8-7 a første ledd, *unntatt når medisinske grunner klart er til hinder* for slik aktivitet. Det kan unntaksvis likevel ytes sykepenger utover 8 uker dersom arbeidsrelaterte aktiviteter ikke kan gjennomføres på arbeidsplassen.»

# Det medisinske vilkåret i Folketrygdlova



## Dokumentasjonskravet (§ 8-7)

- *For at medlemmet skal få rett til sykepenger, må arbeidsuførheten dokumenteres med legeerklæring.*
- *Vurderingen av arbeidsuførheten skal ta utgangspunkt i en funksjonsvurdering.*
- *Legen skal **alltid vurdere** om medlemmet kan være i arbeid eller arbeidsrelatert aktivitet.*
- ***Senest** når arbeidsuførheten har vart **åtte uker** uten at medlemmet er i arbeidsrelatert aktivitet, må det legges fram en legeerklæring.*

## Pasientens medverknadsplikt (§ 8-8)

- *Medlemmet har plikt til å gi opplysninger til arbeidsgiveren og Arbeids- og velferdsetaten om **egen funksjonsevne** og **bidra** til at hensiktsmessige tiltak for å tilrettelegge arbeidet og utprøving av funksjonsevnen blir utredet og iverksatt*
- *Medlemmet plikter også å medvirke ved utarbeiding og gjennomføring av **oppfølgingsplaner** og delta i **dialogmøter***

# Sjukdomsombegrepet og sjukdomsvilkåret

- «Når det skal avgjøres om det foreligger sykdom, legges det til grunn et sjukdomsbegrep som er vitenskapelig basert og alminnelig anerkjent i medisinsk praksis.» (§12-6)
- Vær bevisst på hovuddiagnosen.
- Symptomdiagnoser kan aksepteres *i starten* av eit sjukefråverstilfelle
- Hugs å oppdatera diagnosen dersom den medisinske vurderinga har endra seg

# Korleis få informasjon om brukaren sin funksjon?

- Kva konkrete aktivitetar opplyser brukaren å fyller kvardagen med?
- Har pasienten problem med å greie kvardagsaktiviteter som å gå i butikker, ta offentlig transport eller holde avtaler?
- Angir brukeren at helseproblema har ført til at han/ho har måtte slutta med tidligare trivselsaktivitetar (trening eller andre aktivitetar, hobbyar,...)?
- Alternativt: Norsk Funksjonsskjema: be pasienten for eksempel fyller ut på venterommet eller heime.

# Funksjonsvurdering

Hvordan 'måle' funksjons-  
/arbeidsevne?

Vekting vil naturligvis avhenge av tilstanden

Enkle  
observa-  
sjoner

- ▶ Går pasienten fritt og ubesværet, og hvordan beveger ha/un seg opp på/ ned av undersøkelsesbenken?
- ▶ Har pasienten synlige problemer med å ta av/på jakke, genser, bukse, sokker osv?
- ▶ Hvordan framstår pasienten (smertepreget, passiv, nedstemt, utmattet, fortvilet, ...)?

Klinisk funn og  
undersøkelses-  
resultater

- ▶ Konkrete undersøkelsesfunn (muskelfylde/atrofier, bevegelsesutslag, styrke, ...)
- ▶ Overensstemmelse mellom konkrete undersøkelsesfunn (f eks av skulder) og øvrig bevegelsesmønster (f eks når genseren tas av eller på)?

Enkle  
spørsmål  
om  
hverdags-  
aktiviteter

- ▶ Hvilke konkrete aktiviteter angir pasienten å fylle hverdagen med?
- ▶ Oppgir pasienten å ha sluttet med tidligere trivselsaktiviteter (trening eller andre organiserte aktiviteter, hobbyer, ...)?



# Kva gjer eit best bilete av personens fungering?

Medikamentelt behandlet og velregulert hypertensjon. Utredet for stoffskifteproblemer. Målt grenseverdier av TSH. Ikke medikamentelt behandlet, men kontrolleres halvårlig. Høyre overarmsbrudd etter bilulykke i 2010, ingen sekveler. Appendektomert i 2008.

(29 ord)

Sover dårlig pga. smerter. Konsentrasjons- og hukommelsesproblemer hemmer daglig fungering. Glemmer ord og faller ut av samtalen. Klarer å gå kortere avstander (maks 300 meter) før hun må hvile.

(29 ord)

# Arbeidsevne

- Arbeidsevna er funksjonsevna sett i lys av dei arbeidsoppgåvene pasienten er forventa å utføra
- Kva konsekvenser har dei helsemessige utfordringane for å halda på eller skaffa seg arbeid?



# Aktivitetskravet

- Kravet om aktivitet gjeld frå første sjukmeldingsdag.
  - Er det medisinske grunnar som klart er til hinder for aktivitet?
  - Er det hinder på arbeidsplassen som gjer at pasienten ikkje kan vera i gradert arbeid?
  - NAV vurderer konkret alle 100% sjukmeldingar etter 8 veker.
- 
- Mål: Få alle som kan ut i minst gradert arbeid

# NAV treng opplysingar frå lege ved 8 vekers tidspunktet (100% sjukmelding)


- Utfyllande opplysingar om symptom, funn, funksjon, arbeidsevne, utgreiing og behandling
- Dersom det ikkje kjem fram ei grunngitt vurdering av at det medisinsk sett ikkje er mogleg å vera i noko aktivitet (frå legen) eller at tilrettelegging ikkje er mogleg (frå arbeidsgivar) kan pasienten få eit varsel frå NAV om at sjukepengane kan bli stansa

# Korleis «gradera»?

- Bruk skjønn!
  - Hugs at sjukmelding er ei sakkyndig vurdering.
  - Motivasjonsarbeid, avklaring og trygging
- Lag ein plan for opptrapping.
- Digital sjukmelding gir enklare mulegheit for å friskmelda seg sjølv, eller auka graderinga sjølv (må avtalast med arbeidsgivar).
- Ein stor fordel med gradering, uavhengig av grad, er at pasienten er i kontakt med arbeidsgivar og arbeidsplassen

# Helsedirektoratets *Sykmelderveileder*

- Helsedirektoratet.no
- Generelt om sykdom, funksjon og sjukmelding
- Diagnosespesifikke råd og *beslutningsstøtte*



The screenshot shows the website 'Helsedirektoratet.no' with the title 'Funksjons- og arbeidsevne: Vurdere om nedsatt hos pasienten'. The page content includes a search bar, a breadcrumb trail, and two main text blocks. The first block, 'Funksjon', explains that it refers to what a patient can manage with activities like walking, standing, lifting, thinking, or concentrating. The second block, 'Arbeidsevne', explains it is the patient's ability to perform work tasks relative to the requirements of the job. A third section, 'Funksjonen - er den nedsatt?', discusses how functional assessment is typically done through medical history and specific assessment tools.

Helsedirektoratet

Alt innhold

Søk i alt innhold

OM O

Helsedirektoratet.no < Nasjonale faglige retningslinjer < Sykmelderveileder < Sykdomsvilkår og funksjons- og ar... < Funksjons- og arbeidsevne: Vurdere...

Faglig veileder for sykmeldere

## Funksjons- og arbeidsevne: Vurdere om nedsatt hos pasienten

Søk i kapittelet

**Funksjon** er hva pasienten kan greie av aktivitet, for eksempel å gå, stå, løfte, tenke eller konsentrere seg. Slik vi omtaler funksjon er den ikke beskrevet opp mot konkrete arbeidsoppgaver. Vi kan forstå funksjon etter en GAP-modell – evne versus krav, hvor krav er generelle aktiviteter som å gå, løfte, stå, sitte, konsentrere seg, samhandle og løse kognitive oppgaver.


**Arbeidsevne** er funksjonen sett opp mot arbeidsoppgaver. Vi kan forstå arbeidsevne etter en GAP-modell – evne versus krav, hvor kravene er arbeidsplassens krav.

### Funksjonen - er den nedsatt?


En funksjonsvurdering bør bygge på pasientens beskrivelse av sin funksjon og sykmelderens uavhengige bedømming av funksjonsevnen. Tradisjonelt har sykmelderens funksjonsvurderinger skjedd ved opptak av anamnesen. Det er utviklet forskjellige skjemaverktøy for vurdering av funksjon. Disse brukes i liten grad i sykmeldingsarbeid i allmennpraksis. Her er det vanligere å bedømme funksjon ut fra en samtale og

Søk i kapittelet



Lumbago (L03 Korsrygg symptomer/plager) 

Mellomvirvelskive infeksjon (L70 Infeksjon i muskel- og skjelettsystemet) 

Lumbago (L84 Ryggsyndrom uten smerteutstråling) 

Isjias (L86 Ryggsyndrom med smertestråling) 

# Kva treng NAV å vita når pasientar blir sjukmelde?

- Sjukdom som årsak – Kva er diagnosen?
- Kva er symptoma til pasienten? Art, grad og varighet
- Er det funn ved undersøking?
- Er det samanheng mellom symptom og funn?
- Korleis er funksjonen til brukar? Er det funksjonsnedsetjing?
- Korleis vurderer du som lege samanhengen mellom symptom, funn og funksjonsevne?
- Korleis påverker dette arbeidsevna til pasienten?
- Behandling – pågåande og gjennomført, betring? Utsikt til betring?
- Prognose



# Andre årsaker til rett på sjukepenginger

- *Innleggelse i godkjent helseinstitusjon*
  - *Pågående behandling*
  - *Arbeidsrettet tiltak*
  - *Opplæringstiltak med tilskudd*
  - *Kontrollundersøkelse som krever minst 24 timers fravær, reisetid medregnet*
  - *Spesiell smittefare*
  - *Svangerskapsavbrudd*
  - *Behandling for barnløshet*
  - *Donor / under vurdering som donor*
  - *Behandling i forbindelse med sterilisering.*
- 
- *Ved arbeidsuførhet i forbindelse med et kosmetisk inngrep ytes det sykepenginger bare hvis inngrepet er medisinsk begrunnet.*


# Vanskelege situasjonar som ikkje gir rett til sjukepengar (Z-diagnosar)

- Sosiale vansker
  - Ekteskapsproblem
  - Sorgreaksjonar
  - Økonomiske vanskar
  - Arbeidskonflikt
  - Oppsigelse
- 
- Dersom påkjenningane er av ein slik art at pasienten utviklar sjukdom og funksjonssvikt har pasienten rett på sjukmelding. Då er det viktig at dette vert dokumentert, og at sjukmeldinga får rett diagnose.

# Sjukmeld – kva skjer så?




Tidsaksen



Sida 4



# Behov for helseopplysingar frå fastlegen



# Alternativ til full sjukmelding

- Tilrettelegging på arbeidsplassen
- Avventande sjukmelding
- Gradert sjukemelding
- Enkeltstående behandlingsdagar
- Reisetilskott
- Pleiepengar og omsorgspengar
- Svangerskapspengar
- Opplæringspengar
- Permisjon

# Døme på informasjon frå lege som ikkje er nyttig for Nav

- «Ikkje klar for arbeid»
- «Har forsøkt gradert sjukemelding, men dette fungerte ikkje»
- Aukande sjukemeldingsgrad, utan ytterlegare informasjon
- Same melding kopiert frå sjukemelding til sjukemelding
- Pasientens forteljing utan funn eller tolkning frå lege

# Kasuistikk 1

Per, født i 1977. Yrkessjåfør.

Journalen viser fleire korte og nokre lengre sjukmeldingsperiodar på grunn av ryggmerter. Ellers lett forhøya kolesterol, BMI 29. Lite aktiv, i perioder søvnevanskar.

Aktuelt: Aukande korsryggmerter. Problem med å sitje lenge om gongen.

Undersøkelse: Nedsett rørsle i L-S columna, kan gå på tå og hæl og setje seg på huk utan problem. Lasegue negativ, reflekser i undereks ok. Palpasjonsøm i nedre del av ryggen på venstre side.

Ynskjer sjukmelding. Kva gjer du?

# Døme: Korsryggssmerter (L03)

- Sjukemelderveiledaren:
  - Sjukmelding vanlegvis ikkje naudsynt, evt kortvarig ved sterke smerter
  - Gradert sjukmelding gir mulighet for opptrapping, og tid til opptrening og behandling
  - Ved langvarig sjukmelding, vurder tilstand og situasjon. Samarbeid med behandlere, BHT og NAV
  - Anbefaler generell aktivitet, avdramatisering, evt smertestillende initialt
  - Vurder alle tilfelle individuelt – smerter, funksjonstap og arbeidskrav varierer



# Gule flagg

- Brukes mest ved uklare diffuse smertetilstandar i muskel, skjelett og rygg
- Prognostiske kjenneteikn som peikar mot langvarige plager og unødvendig sjukefråver
  - Pessimistiske haldningar
  - Frykt og unngåelsesatferd
  - Smertebiletet (generaliserte symptom, tidlegare omfattande og langvarige plager)
  - Emosjonelle/sosiale problem
  - Arbeidsrelaterte problem
  - Økonomiske problemstillingar
  - Familie (overbeskyttande)
  - Diagnose og behandling (dramatisering av plagene, oppfordring til kvile, bruk av vanskeleg språk eller forvirrande forklaringsmodellar)

## Forts. Korsryggssmerter

- Vi ser veldig mange som er langvarig sjukmelde med denne diagnosen
- Sjølv om vilkåra for sjukepengar gjerne er oppfylt, er det ikkje sikkert at sjukemelding er hensiktsmessig
- Gradert sjukmelding gjer at pasienten opprettheld kontakten med arbeidsplassen og gir rom for å tenke tilretteleggjing i arbeidet
- Anette Harris m.fl: Brief intervention, physical exercise and cognitive behavioural group therapy for patients with chronic low back pain (The CINS trial), European Journal of Pain, april 2017: Kort intervensjon var klart betre enn lengre terapi for å få pasientar med muskelsmerter raskt tilbake i arbeid → unngå sjukeleggjing av pasientar

# Åge Indahl, forskar og spesialist i fysikalsk medisin

- Vi klarer ikkje å behandle oss vekk frå rygg og nakkesmerter – ingen tradisjonell behandling kan forskningsmessig vise til redusert sjukefråvær.
- Det fins ingen vitenskapleg bevis for at nokon behandling for rygg eller nakkesmerter har klart å forkorte det naturlege forløpet med ein einaste dag
- Dei pasientane som sjølv forstår «at ryggen er sterk», kjem raskare i jobb enn om dei blir lenge utgreidd og behandla i helsevesenet.
- Du kan «misbruke» ryggen kvar dag i 30 år og du får ikkje auka slitasje, men kanskje noko meir vondt.

## Kasuistikk 2

Du valde å sjukmelde Per gradert i 2 veker og gav beskjed til arbeidsgivar om naudsynt tilretteleggjing. Anbefalte trening med fysioterapeut og turer i terrenget.

Pasienten fulgte ikkje råda dine, og etter 3 dagar i gradert jobb gjekk han til ein legevikar og fekk full sjukemelding i 2 + 4 veker.

Som fastlege har du mottatt oppfølgingsplan frå arbeidsgivar og er innkalt til dialogmøte 1 i neste veke.

Pasienten ringer deg same dag som sjukmeldinga går ut for å få forlenga sjukmelding?

Kva er di vurdering no?

# NAV sitt ansvar

- Undersøke om vilkåra for sjukemelding er oppfylt
- Følge opp brukaren
- Rett stønad til rett tid
- Kommunikasjon mellom fastlege, brukar og arbeidsgivar
- Gi hjelp til dei brukarane som treng det for å komme seg raskare ut i arbeid

# Den sjukemelde sitt ansvar

- Aktivitetsplikt ved 8 veker
- Medvirkningsplikt
  - Gje opplysningar til arbeidsgivar og NAV
  - Forsøke tilrettelegging og utprøving av funksjon
  - Medvirke i oppfølging frå NAV
  - Delta på dialogmøter
  - Ta imot tilbud om utredning, behandling, tilrettelegging, arbeidsretta tiltak

# Å gje informasjon til NAV

- Det er trygt
  - Det er naudsynt
  - Det er ei plikt
- 
- Folketrygdelova, Forvaltningslova, Helsepersonellova

# Medisinsk dokumentasjon

- I utgangspunktet er det NAV som etterspør medisinsk dokumentasjon
- Dokumentasjonen skal vurderast av NAV-retteleiarar for å avgjere om pasienten fyller vilkåra for ein ytelse
  - Unngå opplysningar som ikkje er relevante
  - Bruk eit språk som er forståeleg for rettleiarar med ikkje-medisinsk bakgrunn
  - Vurder om det er hensiktsmessig å t.d. lime inn utdrag frå epikrise



## Kasuistikk 3

6 mnd seinare. Ny konsultasjon. Fortel at den graderte sjukmeldinga har fungert fint og arbeidsgivar har tilrettelagd etter råd frå deg. Har starta med trening og turar. Var tilbake i fullt arbeid etter 3 veker, sjølv om dette var tungt. Har no i lengre tid hatt søvnevansker i tillegg til ryggsmertene og er blitt mindre aktiv igjen.

Har no fått ny sjef som han ikkje kjem så godt ut av det med. Hadde ein konfrontasjon med den nye sjefen for 2 veker sidan og har ikkje vore på arbeid etter dette.

Ryggen er mykje verre. I tillegg søv han ikkje og manglar konsentrasjon. Ligg på sofaen store deler av dagen og gret mykje. Har ikkje klart å oppsøke lege før no når kona har bestilt timen og fulgt han. På direkte spørsmål seier han at han nok har slitt lenge og hatt det tungt. Mykje depresjon i familien.

Pasienten gret under samtalen og virker nedstemt og fortvila.

Kva vurderingar gjer du no?

# Psykiske lidingar

- Brukarar med psykiske lidingar utgjer ei svært stor gruppe i NAV-systemet, både i sjukefråversoppfølginga og blant dei som får AAP
- Ved mange lette og moderate psykiske lidingar er det anbefalt å vera i aktivitet
- Å oppretthalde kontakt med arbeidsplassen kan gi ei symptomlindrande ramme rundt kvardagen og gi kjensle av mestring som kan ha sjukdomsdempande effekt
- Ei utfordrande og aukande gruppe i NAV-systemet
- Psykiske lidingar vil ramme så mange av oss, at det å fokusere på å hjelpe pasientar med psykiske lidingar til å stå i arbeid vil gi positive erfaringar både til arbeidsgivarar og kollegaer

# Tilbakedatering av sjukmelding - §8-7

- «Legeerklæring kan ikke godtas for tidsrom før medlemmet ble undersøkt av lege (sykemeldingstidspunktet). En legeerklæring for tidsrom før medlemmet søkte lege, kan likevel godtas dersom medlemmet **har vært forhindret fra å søke lege** og det er godtgjort at han eller hun **har vært arbeidsufør** fra et tidligere tidspunkt»
  - Kortere ventetid
  - Influentaepidemi
  - Psykiatrisk sjukdom med manglande sjukdomsinnsikt

# Digital sjukemelding


- Pasienten kan finne sjukmeldinga si på nav.no og vil få sms eller mail fra nav om at informasjonen ligg der
- Her ifrå kan pasienten senda inn del D
- Unntak: Dersom det gjelder behandlingsdagar og reisetilskott, dei som ikkje har bankID, dei som har hemmeleg adresse, og sjukmeldingar frå sjukehuset. Må sjølve hugse å sende inn del D.

# Bestridelse av sjukemelding

- Arbeidsgivar kan bestride sjukemeldinga og dermed nekte å betale ut lønn i arbeidsgivarperioden
- NAV må då gjere ei skjerpa vilkårsvurdering
- I desse tilfella blir det gjerne innhenta journalutskrift frå konsultasjonar i sjukemeldingsforløpet
- Brukar kan miste retten til sjukepengar

# Sykepenger i ett år: hva skjer etterpå?

Alle er vi syke fra tid til annen. For noen er sykdommen langvarig, og disse mottar sykepenger i maksimalt 1 år. I denne illustrasjonen viser vi hva slags status personer som har brukt opp sykepengerrettighetene i 2015 har 6 måneder senere.



Antall personer med oppbrukte sykepengerrettigheter i 2015


Status 6 måneder etter at personen har brukt opp sykepengerrettigheten

\*Ikke lenger i registrene til NAV betyr som regel at personen har begynt i utdanning, er selvstendig næringsdrivende, er hjemmевærende, eller død.


Tall for personer registrert hos NAV. Tallene viser antall personer med oppbrukte sykepengerrettigheter i 2015, og deres status i NAVs registre 6 måneder senere. All statistikk på [nav.no/kunnskap](http://nav.no/kunnskap). Antall personer som bruker opp sykepengerrettighetene sine og går over til andre stater forandrer seg noe hvert år. Se artikkelen: «Gir lavere sykefravær færre på langtidsytelser?» på [www.nav.no/361551.cms](http://www.nav.no/361551.cms) for mer informasjon.



# Utvikling legemeldt sjukefråvær siste 5 år




# Sjukefråvær fordelt på fylke (4. kvartal 2018)






# Sjukefråvær fordelt på årsaker (4. kvartal 2018)



## Legemeldt sjukefråvær etter kjønn og alder. 2. kvartal 2019.



Kilde: NAV og SSB.

# Arbeidsavklaringspenger (AAP)

- Vilkår:
  - Nedsett arbeidsevne i ein slik grad at brukar er forhindra i å halde på eller skaffe arbeid på grunn av sjukdom, skade eller lyte
  - Arbeidsevna må vere nedsett med minst halvparten
  - I tillegg må brukar:
    - Ha behov for aktiv behandling
    - Ha behov for arbeidsretta tiltak
    - Ha forsøkt eit av eller begge dei to tiltaka, men fortsatt ha viss mulighet til å komme i arbeid og vere under oppfølging frå Nav
- Kan også gis til studentar
- Varighet 3 år (frå 01.01.18)

# Oppfølging av brukarar på AAP

- AAP-mottakarar mottar regelmessig oppfølging fra NAV
- De kan oppleve at Nav ynskjer å innhente oppdatert medisinsk informasjon
- Oppdatert medisinsk dokumentasjon krev sjølvstøtt at pasienten oppsøker legen på nytt...

# Uføretrygd

- Må foreligge varig sjukdom, skade eller lyte
- Den medisinske lidinga må ha medført varig funksjonsnedsetting
- Funksjonsnedsettinga må vere av ein slik art og grad at den er hovudårsaken til nedsatt arbeidsevne/inntektsevne
- Må ha gjennomgått hensiktsmessig behandling og arbeidsretta tiltak

# Rådgivande lege i Nav

- Intern rådgivar for rettleiarane i Nav
- Rådgiving og undervisning
- Samhandling med primærhelsetenesta
  
- Blir bedt om råd og vurderingar
  - I saker der Nav-rettleiarane ikkje har kompetanse til å vurdere dei medisinske opplysningane i saken
  - Dersom rettleiarane lurar på om saken har nok medisinsk dokumentasjon
  - Dersom rettleiarane ynskjer hjelp til å innhente meir medisinsk dokumentasjon, t.d. å formulere spørsmål til fastlegen
- Vi overtar ikkje saken, og treff ikkje brukarane

# Rådgivande lege blir ofte bedt om råd

- Ved vurdering av aktivitetskravet ved 8 veker
- Ved tilbakedatering av sjukemelding
- Ved vurdering av om §8-4 er oppfylt (skjerpa vilkårsvurdering)
- Bestridelse av sjukemelding
- Ved vurdering av om/i kva grad brukars diagnose og symptom påverkar arbeidsevna

# Lege-/behandlertelefonen i Nav

- Eige telefonnummer for legar og andre behandlarar
- Kan ringe 55553336 (tast 2) for å få
  - Råd om oppfølging av sjukemelde
  - Rettleiing ang legeerklæringstakstar
  - Regelverk knytt til sjukefråvereoppfølginga
  - ...og det meste anna du kan kome til å lure på.
  - 65 % av innringere får svar i løpet av 30 sek.
- Kan setje over til rådgivande lege i Nav



# Nokre av utfordringane vi ser i NAV ved oppfølging av sjuke/sjukemelde

- Sjukemelde frå dagpengar
- Gravide
- Lang ventetid på dokumentasjon frå legen
- Ufullstendige legeerklæringar
- Usensurerte journalutskrift
- Pasientar med uavklarte symptomar og plager

# Nyttige hjelpemiddel

- Lokalt Nav-kontor
- Nav.no
- Sykemelderveilederen
- Statistikkportalen for sjukemeldarar
- Lege-/behandlertelefonen: 55553336
  
- Nyttig frå Utposten (fagblad for allmenn- og sam. med.)
  - Ti råd for den gode erklæringen  
<https://www.utposten.no/i/2016/5/utposten-chapter-7>
  - Hvordan sier vi nei?  
<https://www.utposten.no/i/2019/4/m-1375>
  
- Interessant frå youtube:  
<https://www.youtube.com/watch?v=LFYfKYZAUYs&feature=share>



SPØRSMÅL?

Takk for meg!

De er hjarteleg velkomne til å ta kontakt:  
caroline.osmo.sorensen@nav.no, mobil: 412 81 925